

Møteprotokoll

| | |
|------------------|-----------------------|
| Utval: | Vestland ungdomsutval |
| Møtestad: | Fjernmøte |
| Dato: | 17.02.2021 |
| Tid: | 17:30 - 18:40 |

Følgjande faste medlemmer møte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-------------------------|----------|---------------|
| Matilde Myklatun Hole | Medlem | |
| Marius Helgheim Ahmt | Medlem | |
| Synne Skulstad Birkhaug | Medlem | |
| Mia Holdhus | Medlem | |
| Lisa Horpen | Medlem | |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|----------------------------|----------|---------------|
| Susanne Sørli Slettebakken | Leiar | |
| Kjersti Helene Rasmussen | Medlem | |
| Hidle | | |

Følgjande varamedlemmer møte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|-------------------------|----------------------------|---------------|
| Emilie Mortvedt Troland | Kjersti Helene R. Hidle | |
| Edas Kondrotas | Susanne Sørli Slettebakken | |

Merknader

Nestleiar Leander Mullen Sunde - møte ikkje, forfall ikkje meldt.
Ebbe lo - møte ikkje, forfall ikkje meldt.
Lisa Horpen leidde møtet i leiar og nestleiar sitt fråvær.

Frå administrasjonen møte:

| Namn | Stilling |
|----------------|----------------------------------|
| Arild Knapskog | Rådgjevar - politisk sekretariat |

Saksliste

| Utvals- saksnr | Innhald | Arkiv- saksnr | U.Off |
|-------------------|--|------------------|-------|
| | Godkjenningssaker | | |
| GK 3/21 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| GK 4/21 | Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 05.02.2021 | 2019/82 | |
| | Referatsaker | | |
| RS 1/21 | Informasjon om planprosess - klimaplan | 2021/2254 | |
| | Politiske saker | | |
| PS 6/21 | Vidare diskusjon og innspel til FFU 2021 | 2019/82 | |
| PS 7/21 | Innkjøp av profileringsartiklar - prisar | 2019/82 | |
| PS 8/21 | Søknad om fritak frå verv i Vestland ungdomsutval | | |

Godkjenningssaker

GK 3/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.02.2021

Vestland ungdomsutval vedtok samrøystes å sette sak PS 8/21 «Søknad om fritak frå verv i Vestland ungdomsutval» på sakslista.

Vestland ungdomsutval vedtok samrøystes at Lisa Horpen skulle leie møtet i leiar og nestleiar sitt fråvær.

Møteinnkallinga og sakslista vart godkjent med merknaden ovanfor.

GK 4/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 05.02.2021

Møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 05.02.2021 er lagt ved saka.

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.02.2021

Møteprotokoll frå møte 05.02.2021 vart godkjent.

Referatsaker

RS 1/21 Informasjon om planprosess - klimaplan

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.02.2021

RS 1/21 vart referert.

Politiske saker

PS 6/21 Vidare diskusjon og innspel til FFU 2021

Forslag vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.02.2021

Lisa Horpen sette fram slikt forslag:

«Vestland ungdomsutval fortset med planlegginga av fylkesting for ungdom 2021. Medlemene i utvalet skal til neste møte forsette med å kontakte innleiarar. Dei skal òg fortsette med å idémyldre meir om innhald til helga. I tillegg har arbeidet med mogelege endringar i planprogrammet starta»

Avrøysting

Horpen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland ungdomsutval fortset med planlegginga av fylkesting for ungdom 2021. Medlemene i utvalet skal til neste møte forsette med å kontakte innleiarar. Dei skal òg fortsette med å idémyldre meir om innhald til helga. I tillegg har arbeidet med mogelege endringar i planprogrammet starta

PS 7/21 Innkjøp av profileringsartiklar - prisar

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 05.02.2021

Susanne Sørli Slettebakken sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett til neste møte»

Avrøysting

Slettebakken sitt utsetjingsforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett til neste møte.

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.02.2021

Lisa Horpen sette fram slikt forslag:

«Vestland ungdomsutval ønskjer hettegenser og drops som profileringsartiklar»

Avrøysting

Horpen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland ungdomsutval ønskjer hettegenser og drops som profileringsartiklar

PS 8/21 Søknad om fritak frå verv i Vestland ungdomsutval

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.02.2021

Utvalsmedlem Ebbe lo har i forkant av møte sendt søknad om fritak frå sitt verv i Vestland ungdomsutval til leiar og møtesekretær. Vedtekter for Vestland ungdomsutval § 7 seier:

«Dersom eit medlem ber om fritak undervegs i eit år, og ikkje i samband med fylkesting for ungdom, må vedkomande gje skriftleg beskjed til leiar og sekretær. Dette vert viteringssak på neste møte i VU. VU kan gjere vedtak om at det skal kallast inn fast møtande vara for vedkomande fram til og med neste fylkesting for ungdom. Ein skal då nytte den prioriterte rekkefølga av varamedlemmar.»

Lisa Horpen sette fram slikt forslag:

«Ebbe lo får fritak frå vervet sitt som medlem i Vestland ungdomsutval og Emilie Mortvedt Troland tek over vervet og blir fast medlem»

Avrøysting

Horpen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Ebbe lo får fritak frå vervet sitt som medlem i Vestland ungdomsutval og Emilie Mortvedt Troland tek over vervet og blir fast medlem.